



Roald Hovden  
Olsvollvegen 41  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8863 - 21/69315

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
19.10.2021

## Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 473/1

**Administrativt vedtak: Saknr: 1119/21**

### VEDTAK:

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.10.2026 for GBNR 473/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.**

### Saka gjeld:

Føretaket Roald Hovden har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 473/1. Drifta er 24 vinterfora sau (villsau).

Jordbruksarealet på bruket er på 38,7 daa innmarksbeite, 4,1 daa fulldyrka mark og 11,8 daa overflatedyrka mark. Søkjer leiger 1,4 daa fulldyrka mark ,18,2 overflatedyrka mark og 68,3 daa innmarksbeite.

Søkjeren vert kjøpt inn 350 kg 18-3-15 som vert brukt på slåttearealet som han eig. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauver som går ute heite året.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttearealet som han eig				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal	Kg pr.daa			
350	18-3-15	15,9	22	3,96	0,66	3,3

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum

**VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/8863 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Roald Hovden

Olsvollvegen 41

5938

SÆBØVÅGEN